

STRATEGI 2030



Nasjonalmuseet

Næ
m

Vårt samfunnsoppdrag

Nasjonalmuseet utviklar, forvaltar, forskar på, gjer tilgjengeleg og formidlar Noregs største samling av kunst, arkitektur og design.

Måla våre

- Vi engasjerer og inspirerer eit breitt og mangfaldig publikum
- Vi ivaretek og aktualiserer samlinga.
- Vi styrker betydninga til musea i samfunnet.


Visjonen vår

Heile Noregs museum

Verdiane våre

- Anerkjenning
- Nysgjerrigheit
- Fellesskap

Samfunnsoppdraget vårt
Nasjonalmuseet utviklar,
forvaltar, forskar på,
gjer tilgjengeleg og
formidlar Noregs største
samling av kunst,
arkitektur og design.



Visjonen vår

Hele Noregs museum



Vi engasjerer og inspirerer eit breitt og mangfaldig publikum.



Vi ivaretek og aktualiserer samlinga.



Vi styrker betydninga til musea i samfunnet.



Vi engasjerer og inspirerer eit breitt og mangfaldig publikum

Vi skal være relevante og tilgjengelege. Gjennom eit variert og inkluderande publikumstilbod opner vi for opplevingar og dialog i og utanfor museumsbygget.

- **Vi får fleire besøkande**
Tilbodet vårt trekker til seg fleire besøkande, og vi skaper opplevingar som gjer at publikum ønsker å kome tilbake
Nasjonalmuseet har eit breitt tilbod som gir opplevingar, innsikt og refleksjon for alle.
- **Vi når ut til publikum der dei er**
Gjennom digitale tilbod, utstillingar og arrangement skaper vi relasjonar med det publikummet som ikkje kan besøke museumsbygga våre i Oslo.
- **Vi inkluderer eit mangfald av perspektiv**
Publikummet vårt er mangfaldig. Vi utfordrar blindsonene våre og er bevisste på kva stemmer og historier vi formidlar. Programmet vårt er representativt, nyskapande og samfunnsrelevant.

Vi ivaretek og aktualiserer samlinga

Samlinga er Nasjonalmuseets kjerne, og er ein del av den felles kulturarven vår. I denne strategiperioden løftar vi arbeidet med samlinga.

- **Vi gjer samlinga tilgjengeleg**
Vi forvaltar verk i samlinga på ein måte som gjer at informasjonen kan etterprøvast og vere tilgjengeleg. Vi evaluerer og forbetrar kontinuerleg forvaltninga av samlinga. Vi aktualiserer og formidlar samlinga for publikum, forskarar og fagmiljø, og legg til rette for at ho kan forståast i nye samanhengar.
- **Vi utviklar samlinga vidare**
Vi arbeider målretta for å utvikle samlinga, og løftar fram kunstnarskap, grupper og uttrykk som er underrepresenterte. Vi viser fleire tematiske og fleirfaglege utstillingar som formidlar breidda i samlinga.
- **Vi forskar med utgangspunkt i samlinga**
Musea er ein viktig berebjelke i demokratiske samfunn. Som nasjonalmuseum har vi eit særskilt ansvar for å bidra til utviklinga av museumssektoren og kunstfeltet, nasjonalt og internasjonalt.

Vi styrker betydninga til musea i samfunnet

Musea er ein viktig berebjelke i demokratiske samfunn. Som nasjonalmuseum har vi eit særskilt ansvar for å bidra til utviklinga av museumssektoren og kunstfeltet, nasjonalt og internasjonalt.

- **Vi bidreg til å styrke kunst-, arkitektur- og designfeltet**
Vi er aktivt til stades på nasjonale og internasjonale arenaer. Vi deltek i dialog, legg til rette for kunnskapsdeling og bidreg til utvikling innanfor dei kunstfaglege områda våre.
- **Vi bidreg til å utvikle museumssektoren**
Vi inngår ambisiøse kunstnariske og museumsfaglege samarbeid og er ein dørøpnar lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi utviklar og utnyttar moglegheitene som ligg i økonomiske samarbeid og partnerskap.
- **Rolla vår i offentlegheita er tydeleg**
Rolla vår i offentlegheita er tydeleg.

Organisasjonen, kompetansen og menneska



**Kulturen vår bygger på verdiane
anerkjenning, nysgjerrigheit
og fellesskap**

Gjennom å anerkjenne bidraga til kvarandre og vere nysgjerrige på kompetansen til andre bygger vi eit raust og tillitsbasert fellesskap.

**Vi skaper resultat gjennom
fleirfagleg samspel**

Alle tek ansvar for å bidra med kompetanse og kunnskap på tvers av organisasjonen. Gjennom god samhandling skaper vi gode resultat.



Leiarane våre gir felles retning

Leiarane våre forankrar felles prioriteringar, gir handlingsrom og driv endring og utvikling som skaper resultat.

Vi jobbar systematisk med berekraftig drift

Berekraft gjennomsyrrer museumsdrifta, noko som gir redusert klimaavtrykk, effektiv bruk av ressursar og auka eigeninntening.



Verdiane våre

Anerkjenning



Nysgjerrighet



Fellesskap



Anerkjenning

Vi skaper tryggleik og bygger relasjonar ved å sjå, lytte til og verdsette perspektiva og bidra til kvarandre.

Dette betyr at:

- Vi viser respekt ved å lytte og vere opne for ulike meiningar.
- Vi skaper rom for at alle skal bli høyrde, på tvers av fagmiljø, stilling og bakgrunn.
- Vi etterspør og verdset bidrag fra kollegaer, samarbeidspartnarar og publikum.

Nysgjerrighet

Openheit og vilje til å utforske gir oss ny innsikt og ei djupare forståing av oss sjølve, kvarandre og verda.

Dette betyr at:

- Vi stiller spørsmål og lyttar med oppriktig interesse.
- Vi skaper trygge rom for undring og utforskning.
- Vi gir og tek imot tilbakemeldingar, og møter usemje med openheit og nysgjerrigheit.

Felleskap

Gjennom tillit, raushet og gjensidig støtte bygger vi ein kultur, der vi samarbeider og tek felles ansvar.

Dette betyr at:

- Kvar enkelt tek ansvar for at verdiane våre blir etterlevde.
- Verdiane våre blir forankra som ein del av lederrolla.
- Vi tek initiativ til at vi blir kjende med kollegaer på tvers av organisasjonen, og bruker fellesarenaer til å lære og dele perspektiv.

Nasjonalmuseet

Næ
m